

Forslag til tiltak i Bergen kommune i FN sitt tiår for naturrestaurering

Bergen har som mål å bli Noregs grønaste storby – då må kommunen bli ein spydspiss i arbeidet med å ta vare på naturen. FN har slått fast at det ikkje lenger er nok å slutta å øydelegga natur, me må i tillegg reparera natur me allereie har forringa og øydelagt. Å ta vare på artsmangfaldet er kritisk for å nå alle dei 17 berekraftsmåla. Naturvernforbundet Hordaland vil gjerne bidra til realiseringa av Bergen som den grønaste storbyen i Noreg, og vil med dette derfor føreslå konkrete tiltak og forslag til område me meiner Bergen kommune bør prioritera å restaurera innan 2030.

Eit utgangspunkt i dette arbeidet kan vera følgjande **styringsverktøy**, som me oppmodar dykk om å implementera som føresetnader i kommunen sine arealplanar:

- **Utarbeida ein strategi og kommunedelplan for naturmangfald.**
- **Full stopp i dispensasjonar som tillét utbygging i intakt natur og på matjord.**
- **Vedta arealpositivitet som styringsmål.**

Det vil seia at:

- ★ Målet er å slutta å gjera inngrep som skadar naturen.
- ★ I dei tilfella ein ikkje kan unngå å gjera naturinngrep, som t.d. ved bygging av infrastruktur som er avgjerande for å nå mål om kollektivtransport og tilrettelegging for gåande og syklande, skal det føreligga ein konkret plan for restaurering av eit øydelagt/forringa naturområde ein annan stad som er minst like stort som naturen som går tapt grunna utbygginga.

Tiltaka og forslaga våre er skisserte i framtidsvisjonen «[Gode, grønne Bergen 2030: En by for bier og bergensere](#)». Her vil me kort nemne nokre generelle tiltak, samt [forslag til konkrete område for restaurering:](#)




UNITED NATIONS DECADE ON
**ECOSYSTEM
RESTORATION**
2021-2030

Generelle tiltak

- **Gjera grå flater grøne:** Gjera parkeringsplassar og parkeringshus om til parkar og grøntområde
- **Restaurera naturleg vegetasjon og kulturlandskap på byfjella** ved å fjerna uynskte plantefelt av framande treslag, og oppretta grønne korridorar mellom dei ulike byfjella.
- **Restaurera deler av parkområde i Bergen til blomsterenger, insekt- og småkryphabitat.**

Konkrete tiltak

- **Store Lungegårdsvannet:** knyta dette til pågåande restaureringsarbeid ved bystranda og utvida heile strandsona rundt vatnet. Forby vannscooter-køyring.
- **Møllendalselva:** For å betra miljøtilstanden og tilhøva for sjøaure, bør minstevassføringa aukast. Kanalisering og forureining må reduserast, og kantvegetasjon reetablerast.
- **Marineholmen:** Fjerna parkeringshus og parkeringsplassar på Marineholmen og utvida Nygårdsparken slik at me får ein grøn korridor frå sjøfronten til Damsgårdstunet.
- **Langeskogen:** Støtta Langes legat sitt arbeid med frivillig vern av Langeskogen.



- **Øvre Selvik:** Restaurera slåtteng og hagemark på den nedlagte garden.
- **Munkedammene ved Eikelundtjern:** Restaurera vassdraget med svartorsumpskog og kulturminnet ved å fjerna ulovleg etablert parkeringsplass.
- **Unneland:** Restaurera kulturlandskapet, følgja opp og utbetra naturkvalitetane ved tildekkingsprosjektet på Unneland slik at Vipebestanden i Bergen ikkje døyr ut.
- **Ytrebygda sør for Flyplassvegen, rundt Kalandsvatnet og Sandalen:** Ta vare på det resterande kulturlandskapet og leggja til rette for friluftaktivitetar og naturopplevingar som eit vern mot framtidig utbygging.
- **Nesttun:** Flytta eller fjerna parkeringshuset slik at elva kjem til syne.
- **Mindemyren nord:** Restaurering av vassdraget som ein del av planarbeidet våren 2021.
- **Heile Bergen kommune:** Restaurera natur, sårbare vassdrag og gamle ferdsleveggar/kulturminne ved å fjerna skogsbilvegane som er ulovleg bygd på miljøfarleg avfall. Minst 7 lokalitetar innan kommunegrensa er utsette for omfattande miljøkriminalitet i form av massedumping kamouflert som vegbygging, forutan baksida av Lagunen/Apeltunvatnet, som «kun» er dumpingplass for byggeavfallet:
 - o Fanafjellet
 - o Haugo-Bratland, Haukeland
 - o Hausdalen sør (Smørkisvegen)
 - o Hordnes
 - o Hylkje/Hordvik «Veten rundt»
 - o Bontveit-Hausdalen nord (Smogakampen)
 - o Øyjorden-Langevatnet (over Eidsvågjellet)
- **Kulturhistorisk hage i Strangehagen på Nordnes:** Bevare det som kanskje er den einaste hagen av ein viss storleik som er igjen på Nordnes. Historiske kart viser at dette området ikkje har vore utbygd før.
- **Apeltunvassdraget og Steinsvikvassdraget:** Reetablera kantvegetasjon og oppretting av grønne korridorar og restaurering av gyte- og oppvekstområda til sjøarebestanden.

Dette er ikkje ei fullstendig liste over forslag til tiltak og restaurering, men nokre utvalde område kommunen kan vurdere å starta med. Me ser fram til vidare samarbeid med Bergen kommune og håpar å koma fram til ei felles forståing av kva me bør prioritera i arbeidet med å gjera Bergen til den grønaste og mest artsrike storbyen i Noreg.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet Hordaland

Gabriel Fliflet

Leiar

Harald Simonsen

Leiar Naturmangfaldsgruppa

Synnøve Kvamme

Fylkessekretær



Vipe på Unneland i 2016. Foto: Harald Simonsen.



Elva var meir synleg på Nesttun i 1951, lenge før parkeringshuset vart bygd.



Skogsbilveggar bygd av miljøfarleg avfall. Her frå Haugo-Brattland på Haukeland.